

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I STORD KOMMUNE

1. Eigartilhøve

Stord kommune er ansvarleg for drifta av dei barnehagane som er omfatta av desse vedtektene.

Barnehagane er administrativt knytt til rådmannen. Det daglege ansvaret for drifta er delegert til styrar/einingsleiar i den einskilde barnehage.

2. Føremål (barnehagelova §1)

Barnehagane skal drivast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande barnehagelov med forskrifter, kommunale vedtak og årsplan for den einskilde barnehage.

3. Foreldreråd og Samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og samarbeidsutval, jf barnehagelova § 4.

Foreldreråd

Føresette til barn i barnehagen er medlemmer i foreldrerådet.

Foreldrerådet skal fremja felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom foreldregruppaa og barnehagen skapar eit godt barnehagemiljø.

Ved røysting vert det gjeve ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Foreldrerådet kan be om å få lagt fram saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen, og har rett til å uttala seg i slike saker før avgjerd vert teke.

Styrar kallar inn til første møte som er i august/september. Dei øvrige foreldrerådsmøta kan styrar kalla inn til etter avtale.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vera samansett slik

- To representantar frå føresette
- To representantar frå dei tilsette.
- Ein representant frå eigar (kommunestyret vel kommunen sine eigarrepresentantar til samarbeidsutvala)

Det skal vera vararepresentantar for alle gruppene.

Styrar har ansvar for innkalling. Referat frå møta skal sendast Komite for Oppvekst og utdanning til orientering.

Medlemmene har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

4. Leike- og opphaldsareal

Norm for barna sitt leike- og opphaldsareal inne er 4m² per barn over tre år og 5,3 m² per barn under tre år. Ute bør arealet vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet per barn inne.

5. Opningstid

Barnehageåret er i perioden 15.08.- til 14.08.-.

Barnehagane er stengt helge- og høgtidsdagar, samt jul- og nyttårsafta.

Onsdag før Skjærtorsdag er barnehagane opne til kl.12.00.

Barnehagane har 5 dagar i året til planlegging. Planleggingsdagane vert lagt til elevfrie dagar på skulen. Det vert kvart år utarbeida ei felles barnehagerute for dei kommunale barnehagane som vert lagt ut på kommunen si heimeside.

Opningstida til barnehagane er kl 06.30 – 16.15 (måndag – fredag).

6. Ferie

Barna skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår. Tre av vekene skal vere samanhengande og avviklast i tidsrommet 15.06-14.08.

Fråvær grunna sjukdom vert ikkje rekna som ferie.

Barna sin sommarferie skal meldast frå om til barnehagen innan 01.05 i inneverande år.

Dei to første vekene i juli er barnehagetilbodet i dei fem kommunale barnehagane samlokalisert i ein barnehage, jf barnehageruta. Dei to siste vekene i juli er alle stengt.

7. Foreldrebetaling

Barnehagane følgjer statlege satsar for maksimalpris på heiltidstilbod i barnehage.

Kommunestyret fastset satsar for deltidsplass.

Det skal betalast for 11 månader i året. Juli er betalingsfri. Forskrift om foreldrebetaling gir høve til å ta ekstra betaling for matsservering / drikke. Betaling for dette skal vera til sjølvkost.

Tilbod og satsar i 2018:

- 5 dagar i veka kr 2 910,-
- 3 dagar i veka kr 2 104,-

Det vert gjeve 30 % søskenmoderasjon frå og med søsken nummer to og 50 % søskenmoderasjon frå og med søsken nummer tre og vidare. Dersom søsken går i ulike barnehagar gjeld same reglar for søskenmoderasjon.

Redusert foreldrebetaling/friplass kan gjevast etter søknad frå føresette med låg inntekt. Informasjon og søknadsskjema ligg på kommunen si heimeside.

Fråtrekk i opphaldsbetaling ved langvarig og alvorleg sjukdom hjå barn kan søkjast om til styrar i barnehagen der barnet har plass. Styrar tek avgjer etter ei samla vurdering av situasjonen.

8. Oppseiing

I bruksåret gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på ein månad frå den 1. i påfølgande månad. Oppseiing av barnehageplass skal gjerast elektronisk i IST hypernet, og det må betalast for heile oppseiingstida.

Manglande betaling kan vera oppseiingsgrunn.

Dersom eit barn ikkje skal ha barnehageplass etter 1. mai, må plassen seiast opp før 1. april. Dersom plassen vert sagt opp etter 1. april, må ein betala ut barnehageåret.

9. Permisjon

Permisjon og endring av opphaldstid i løpet av bruksåret vert kun gjeve i særskilde høve. Døme: Endra arbeidssituasjon som får store konsekvensar for familien, svangerskapspermisjon, livskrise/ sjukdom.

Permisjon og endring av opphaldstid skal følgja bruksåret

Det vert ikkje gjeve permisjon etter 30. april som gjeld same bruksår, eller for einskildmånader. Det vert ikkje gjeve permisjon frå plass som ikkje har vore i bruk minimum seks månader.

10. Barnehageopptak

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeida om opptak av barn. Kommunen er å sjå som eitt opptaksområde.

Stord kommune har eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. mars. Deretter opptak når ledige plassar.

Barns som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt plass, har rett på slik plass dersom det vert søkt innan lokal frist for hovudopptak. Barn som fyller eitt år i september eller oktober har etter søknad innan lokal frist rett til å få plass i barnehage frå den månaden dei fyller eitt år.

Dette vert informert om på kommunen si heimeside og i lokalavisa.

Tildeling av barnehageplass gjeld fram til skulestart eller til plassen vert sagt opp.

Foreldra sine ynskje og behov skal så langt som mogleg innfriast.

Ved hovudopptaket kan søkjar klaga over avslag på søknad om plass. Søkjar kan også klaga dersom han verken får første eller andre ynskje oppfylt.

Ved supplerande opptak kan berre søkjarar til barnehage med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 13 klaga dersom dei ikkje får tilbod om plass i den aktuelle barnehagen når ledig plass.

Skogatufto barnehage er spesielt tilrettelagt for barn med samansett og nedsett funksjonsevne og har fagkompetanse innanfor dette området.

Denne barnehagen vil difor alltid verta vurdert ved tildeling av plass til barn med omfattande hjelpebehov.

Leike- og opphaldsarealet inne og ute i Sagvåg og Litlabø barnehage si avdeling Litlabø er ikkje så godt eigna for barn under tre år. Særleg gjeld dette 1 åringane.

Barnehagemyndet har difor i godkjenninga avgrensa talet på 1 åringar i denne avdelinga til 3 barn. Styrar skal av den grunn prioritera søsken.

Opptakskrets

Barn busett i Stord kommune og barn som flyttar til kommunen innan utgangen av august det året det er søkt barnehageplass.

Prioritering ved opptak

1. Barn med nedsett funksjonsevne og barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd. Jf barnehagelova § 13.

Krav til dokumentasjon for barn med nedsett funksjonsevne: Skriftleg sakkunnig uttale frå til dømes PP-tenesta, helsestasjon/lege.

Krav til dokumentasjon for barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester: Skriftleg vedtak frå barnevernstenesta.

2. Barn med rett til barnehageplass
Gjeld barn som er busett i Stord kommune ved oppstart nytt barnehageår dersom det er søkt plass innan lokal frist og barnet har fylt eitt år innan utgangen av august same år. Jf barnehagelova §12a.
3. Søsken til barn som har barnehageplass i same barnehage.
4. Minoritetsspråklege barn som treng støtte til integrering i lokalsamfunnet.

11. Tilvenning

Når barnet tek til i barnehagen må føresette vera saman med barnet i tilvenningsfasen.

12. Bemanning

Rettleiande norm for bemanning i barnehage:

Det skal vera minst ein pedagogisk leiar per 14-18 barn, når barna er over 3 år. Når barna er under 3 år, skal det vere minst ein pedagogisk leiar per 7-9 barn.

Norm for totalbemanning i kommunale barnehagar i Stord kommune er 2,67 årsverk per 18 plassar barn over 3 år og per 9 plassar barn under 3 år.

Dei som skal arbeida i barnehage må leggja fram politiattest.

13. Helse

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse. Har barnet møtt til ordinær kontroll på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnet sine føresette, jf barnehagelova § 23.

Føresette som ikkje har vore regelmessig til kontroll på helsestasjon med barnet/barna sitt/sine må leggja fram helseattest frå lege.

Sjuke barn skal ikkje møta i barnehagen, jf Folkehelseinstituttet [«Når syke barn bør holdes hjemme»](#)

14. Internkontroll «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler»

Kommunen, ved kommunelege 1, gjev rettleiing og rådgjeving om helsespørsmål. Han fører også tilsyn med at forskrifta vert følgt.

15. Forsikring

Kommunen har ansvar- og ulykkesforsikring for barna i dei kommunale barnehagane.

Barna er forsikra på direkte veg til og frå barnehagen. Dei er i tillegg forsikra i den tida dei oppheld seg i barnehagen og på turar/utflukter i barnehagen sin regi.

Personalet har ansvar for barna i barnehagen si opningstid. Foreldra har ansvar for barna hente og bringe situasjon.

Informasjon om forsikringsavtalen får ein i barnehagen.

16. Teieplikt

I tråd med barnehagelova § 20 har personale og barnehageeigar teieplikt etter reglane i forvaltingslova § 13 til 13f. Tilsette i barnehagane skal skriva under erklæring om teieplikt når dei tek til i jobben.

17. Opplysningsplikt

Barnehagepersonalet skal gje sosialtenesta bistand i klientsaker, jfr. Lov om barnehagar. § 21.

Lov om barnehager §22 understrekar at heile personalet har meldeplikt til barnevernstenesta i samband med mistanke om mishandling og alvorleg omsorgssvikt.

18. Tilsyn

Kommunen sitt tilsynsansvar er fastsett i Lov om barnehagar §§ 8, 10 og 16. Kommunen skal føre tilsyn med både kommunale og ikkje-kommunal barnehagar.

19. Årsplan

Barnehagane skal utarbeida ein årsplan som er i tråd med «Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver».

20. Endring i vedtektene

Kommunestyret godkjenner/endrar vedtektene for dei kommunale barnehagane i Stord kommune.

Innhaldet i desse vedtektene vart endra av kommunestyret 26.05.2016.

Vedtektene gjeld frå 1.august 2016.

Vedtektene kan verta endra i bruksåret dersom føringar frå staten eller lokale vedtak tilseier det.